

Nr.: 07 / 2007      02. august 2007

## God arbeidsmarknad også for utsette arbeidssørggrupper

**Arbeidsløysa vart omtrent uendra i juli når vi justerer for normale sesongsvingingar. At arbeidsløysa er på historisk lavt nivå samstundes som vi opplever ein høg tilgang på utlyste stillingar, gjer at det også for utsette arbeidssørggrupper blir lettare å finne arbeid. - Etter at vi i mange år har hatt ei jamn auke i yrkeshemma arbeidssørgkarar, har vi det siste året sett ein gledelig nedgang for denne gruppa samt for dei langtidsledige arbeidssørgkarane, seier fylkesdirektør Olaug Flø Brekke.**

Ved utgangen av juli var det 2.129 personar heilt utan arbeid i Møre og Romsdal. Dette utgjer 1,7 prosent av arbeidsstyrken og gjer ein nedgang på 28,3 prosent samanlikna med same periode i fjor, og ei auke på 19,7 prosent i høve til sist månad. Denne auka kjem både av at NAV har ei nedtrapping av arbeidsmarknadstiltak og at vi har ei tilstrøyming av unge arbeidssørgkarar som har avslutta skule og militærtjeneste. I juli månad var 154 personar på ulike arbeidsmarknadstiltak, mot 650 i juni månad. Til saman er det no ei brutto arbeidsløysa på 2.283 personar i fylket.

I landet er det 51.025 heilt ledige. Dette utgjer 2,1 prosent av arbeidsstyrken og er ein nedgang på 24,7 prosent samanlikna med same periode i fjor, og ei auke på 15,3 prosent i høve til sist månad.

### Nedgang blant yrkeshemma arbeidssørgkarar

Den gode arbeidsmarknaden gjer det også lettare for yrkeshemma arbeidssørgkarar å få seg arbeid. Det siste året har talet på yrkeshemma arbeidssørgkarar gått ned med nær 10 prosent. Yrkeshemma er personar som har fått sin evne til å utføre inntektsgevande arbeid nedsett, eller som har fått sine muligheiter til å velje yrke eller arbeidsplass vesentlig innskrenka. Årsaka til dette kan vera sjukdom, skade eller lyte, eller sosial mistilpassing. Yrkeshemma arbeidssørgkarar krev ei større oppfølging av NAV gjennom at dei treng ein grundigare avklaring og tiltaksgjennomføring for igjen å vera klar for arbeidslivet. Om lag 80 prosent av dei yrkeshemma er til ei kvar tid enten under utdanning eller i ulike arbeidsmarknadstiltak.

### Kraftig nedgang i arbeidsløysa blant dei langtidsledige

Talet på langtidsledige arbeidssørgkarar, det vil seie personar som har vore ledige i over 26 veker, fortsett å gå ned. Det siste året har utviklinga for denne gruppa vært vesentlig betre enn den totale nedgangen i arbeidsløysa i Møre og Romsdal. Arbeidsløysa har minka frå 540 i juli i fjor til 300 i juli i år. Det tilsvarar ein nedgang på 44 prosent og betyr at langtidsledige no utgjer rekordlåge 14 prosent av dei heilt ledige.

### Størst nedgang i arbeidsløysa i distrikt Ålesund og Sunndalsøra

Alle NAV distrikt har hatt ein stor nedgang i arbeidsløysa, men nedgangen er sterkast i NAV Sunndal sitt distrikt der det no er 36 prosent færre arbeidslause enn same tid i fjor. Også Ålesund distrikt har hatt ein nedgang i arbeidsløysa det siste året på over 30 prosent. Nav Ørsta og Nav Ulstein distrikt har begge ein nedgang på litt under 20 prosent. Flest arbeidslause er det no i Nav Ulstein distrikt (2,2%) og Nav Kristiansund distrikt (2,1%), medan det er færrest arbeidslause i Nav Sunndal distrikt (1,2%) og Nav Molde distrikt (1,3%).

### Mange utlyste stillingar

Det vart utlyst 1466 stillingar i juli. Dette er om lag 25 prosent fleire enn i same månad i fjor. Tilgangen på stillingar var størst innan helse, pleie og omsorg samt butikk- og salsarbeid.

#### NAV MØRE OG ROMSDAL

Postadresse: Serviceboks 14 Årødalen // 6405 Molde

Besøksadresse: Verftsgata 5 // 6405 Molde  
Tlf: 70320900 // Faks: 70320901

www.nav.no

For nærare opplysningar kontakt fylkesdirektør Olaug Flø Brekke – tlf. 70320939 eller rådgjevar Arne Eltvik - tlf. 70320918.

Neste frigjeving av statistikk om arbeidsmarknaden: 30. august 2007.  
Ved publikasjon av tal frå denne pressemeldinga skal NAV Møre og Romsdal gjevast opp som kjelde.

**Tabellar:****Talet på heilt ledige –  
juli 2007**

<b>Fylke</b>	<b>Menn</b>	<b>Kvinner</b>	<b>Sum</b>	<b>I prosent av arbeidsstyrken</b>	<b>Endring siste mnd</b>	<b>Endring siste år</b>
01 Østfold	1347	1571	2918	2,2 %	506	-1118
02 Akershus	1910	2279	4189	1,5 %	506	-1669
03 Oslo	4259	4105	8364	2,7 %	831	-2507
04 Hedmark	913	1055	1968	2,1 %	220	-593
05 Oppland	626	723	1349	1,5 %	226	-447
06 Buskerud	1279	1579	2858	2,1 %	466	-570
07 Vestfold	1097	1388	2485	2,2 %	370	-728
08 Telemark	872	1045	1917	2,3 %	217	-540
09 Aust-Agder	480	592	1072	2,0 %	164	-365
10 Vest-Agder	767	948	1715	2,1 %	230	-640
11 Rogaland	1262	1595	2857	1,3 %	307	-1392
12 Hordaland	2225	2620	4845	2,0 %	619	-1794
14 Sogn og Fjordane	342	447	789	1,4 %	86	-172
15 Møre og Romsdal	982	1147	2129	1,7 %	351	-841
16 Sør-Trøndelag	1644	1997	3641	2,5 %	475	-903
17 Nord-Trøndelag	668	831	1499	2,4 %	237	-337
18 Nordland	1600	1544	3144	2,7 %	424	-1119
19 Troms	996	932	1928	2,4 %	270	-635
20 Finnmark	813	545	1358	3,6 %	259	-380
<b>Riket</b>	<b>24082</b>	<b>26943</b>	<b>51025</b>	<b>2,1 %</b>	<b>6764</b>	<b>-16750</b>

**Talet på heilt ledige –  
juli 2007**

Kommune	Menn	Kvinner	Sum	I prosent av arbeidsstyrken	Endring siste mnd	Endring siste år
1502 Molde	78	94	172	1,3 %	40	-55
1503 Kristiansund	111	97	208	2,4 %	6	-87
1504 Ålesund	211	234	445	2,0 %	60	-220
1511 Vanylven	19	23	42	2,4 %	15	-17
1514 Sande	8	13	21	1,7 %	6	1
1515 Herøy	42	56	98	2,3 %	25	-44
1516 Ulstein	19	38	57	1,6 %	5	-13
1517 Hareid	32	44	76	3,3 %	5	1
1519 Volda	43	43	86	2,1 %	26	-14
1520 Ørsta	43	58	101	2,0 %	28	-23
1523 Ørskog	9	8	17	1,5 %	6	1
1524 Norddal	1	5	6	0,6 %	1	-1
1525 Stranda	2	10	12	0,5 %	6	-12
1526 Stordal	4	2	6	1,2 %	3	-3
1528 Sykkylven	21	13	34	0,8 %	5	-22
1529 Skodje	9	16	25	1,3 %	-2	-28
1531 Sula	26	35	61	1,5 %	9	-15
1532 Giske	27	23	50	1,5 %	12	-17
1534 Haram	17	45	62	1,4 %	11	-15
1535 Vestnes	19	19	38	1,2 %	9	-16
1539 Rauma	29	25	54	1,4 %	7	-25
1543 Nesset	11	8	19	1,3 %	2	-17
1545 Midsund	5	1	6	0,6 %	-5	-14
1546 Sandøy	1	2	3	0,5 %	1	-4
1547 Aukra	10	6	16	1,0 %	3	-1
1548 Fræna	24	37	61	1,3 %	4	-32
1551 Eide	13	15	28	1,7 %	5	-3
1554 Averøy	26	31	57	2,1 %	4	-29
1556 Frei	28	38	66	2,4 %	19	-6
1557 Gjemnes	7	10	17	1,2 %	4	-4
1560 Tingvoll	8	6	14	1,0 %	-3	-10
1563 Sunndal	21	18	39	1,1 %	-5	-31
1566 Surnadal	16	28	44	1,5 %	13	-22
1567 Rindal	7	7	14	1,4 %	8	-1
1571 Halså	4	7	11	1,4 %	1	-7
1573 Smøla	6	12	18	1,7 %	4	-10
1576 Aure	18	13	31	1,8 %	2	-17
Justering*	7	7	14		11	-9
<b>Sum</b>	<b>982</b>	<b>1147</b>	<b>2129</b>	<b>1,7 %</b>	<b>351</b>	<b>-841</b>

\* Personar busett i kommunar i Møre og Romsdal men som er registrert ved NAV arbeid lokal i andre fylker.

**NAV arbeid - distrikt**

NAV Molde arbeid	189	203	392	1,3 %	63	-167
NAV Ørsta arbeid	84	101	185	2,0 %	53	-43
NAV Ulstein arbeid	118	174	292	2,2 %	55	-71
NAV Ålesund arbeid	332	398	730	1,6 %	121	-333
NAV Sunndal arbeid	65	72	137	1,2 %	14	-77
NAV Kristiansund arb.	194	199	393	2,1 %	45	-150
<b>Møre og Romsdal</b>	<b>982</b>	<b>1147</b>	<b>2129</b>	<b>1,7 %</b>	<b>351</b>	<b>-841</b>